

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 24.11.2011
Sakhandsamar: **Hans K. Stenby**
Saka gjeld: **Innspel til statsbudsjettet for 2013**

Arkivsak
2009/469/
Styresak 139/11 B

Styremøte 07.12. 2011

Forslag til vedtak

Styret gir innspel til statsbudsjettet for 2013 i tråd med vedlagte forslag til brev

Oppsummering

Det er i samarbeid mellom dei regionale helseføretaka gjort ei vurdering av aktivitetsbehovet i 2013 som underlag for innspel til statsbudsjettet for 2013. Innspelet går fram av eige brev.

Fakta

Dei regionale helseføretaka skal i høve til Oppdragsdokumentet for 2011 gi innspel til statsbudsjettet for 2013 til Helse- og omsorgsdepartementet.

Praksis har vore at dei regionale helseføretaka samarbeidar om eit slikt innspel. Det er også gjort denne gong.

Kvart helseføretak sender likevel eige brev og kan der eventuelt leggja til eigne kommentarar. Det lagt ved forslag til brev frå Helse Vest RHF.

Kommentarar

Som grunnlag for innspelet er det gjort ei overordna vurdering av behovet for aktivitet i spesialisthelsetenesta i 2013 innan somatiske tenester, psykisk helsevern og tilbodet til rusmiddelavhengige (TSB).

Det er i utgangspunktet to komponentar som inngår i vurderinga:

- forventa vekst knytt til befolkningsvekst basert på framskriving
- forventa vekst knytt til endringar i tilbodet, for eksempel som følgje av nye behandlingsmetodar, tilbod til nye grupper, dvs realvekst

Det er vidare gjort ein vurdering av ventetidsutviklinga og om aktiviteten bør aukast utover befolkningsvekst og realvekst for å redusera ventetida.

Det er stipulert behov for vekst utover den demografiske, dvs både til realvekst og for å redusera ventetida. Veksten er differensiert ved at det er gjort ulike anslag innanfor dei ulike fagområda basert på korleis situasjonen på dei ulike områda blir vurdert.

Det er utover dette løfta fram fire tema:

- Økonomisk risiko knytt til samhandlingsreforma
- Nasjonalt investeringsløft innan IKT-området
- Oppfølging av den nasjonale pasientsikkerheitskampanjen
- Tidspunkt for fastsetting av dei regionale helseføretakas aktivitetsføresetnadar

Frå Helse Vest er det i tillegg lagt inn ein kommentar til korleis veksten bør fordelast.

Konklusjon

Det vil hefta usikkerheit til denne type framskrivingar og vurdering av vekstbehov. Det vil også vere ulikskap mellom regionane på ulike område.

Det blir likevel tilrådd at dette blir sendt Helse- og omsorgsdepartementet som innspel til det vidare arbeidet med statsbudsjettet for 2013.

Vedlegg:

Forslag til brev frå Helse Vest RHF til HOD – Innspill til statsbudsjettet for 2013

